

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Lauving.

Bygdelag: Heile Hjelmeland.

Oppskr. av: Anund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.


B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Har spurt

Jakob Gunnufsen, f. 3/8, 1871. Tømmermann.

SVAR

Lauving har vore brukt her frå eldgamal tid. Serleg i fjellbygden, her har dei havt mykje sau og geit, og til dei høver lauvet serleg godt. Det lauvast ein del ennå, men mykje mindre enn før. Det er eit godt attåt- eller hjelpefor. Lauvinga foregår etter slåtten. Beste lauvtre- et er ask, bjørk og raun. Til å kvista med brukar dei lauvkniv. Rispa lauv har lite vore brukt, men gjorde dei det så var det med hendene. Var det lauving av bjørk, så fellte dei først treet, deretter kvista og kjerva dei. Asken var for god å fella, han måtte kjødlast, så han snarast råd var kunne vaksa ut attå og lauvast att. Han vart første gongen hoggen i mannshøg i 30-40 års alderen, seinare tri til fjerde hvar år. Kjødletrea var verdfulle og vart derfor sparde for øydeleggjing. Det var for både lauvet og borken. Rispa lauv vart samla i kiper, sekker o. l. Kjerva lauv vart i dogfri tilstand antan sett med rota ned inn på lemmer og skokkar, eller hengt i stakk ute. Då bar dei seg såleis at: Ei høveleg bjørk vart kvista så pass langt frå stamma, at dei inn på der kunne gengja kjerv på kjerv med rotenden opp. dei byrja òg antil og heldt på til tops. Lauv som stod slik ute tok dei inn utover vinteren. Dei rekna lauvet i tjug, 6 tjug var eit lauvhundrad. Det vart både køyrd og bore heim om vintrane.

Det var ku sau og geit som fekk lauv. Kua helst ask og raun og sau og geit bjørk o. a. 7-8 kjervar for 10-12 dyr, ein gong om dagen. Folk som ikkje hadde lauvskog fekk oftast lauva hjå andre, betalinga var pr. 100 kjerv. Lauvinga vart drive rasjonelt, Ein mann fellte eller kjølte, ein annan kvista, og helst to kvinner kjerva. Rakelauv vart og blir brukt til ondebor. (Breidssla underdyra så dei skulle ha det turt).



Lauvkniv.